

Samarbeidsavtale for Forsvarsforum Vestland IPR

Vedteke oppretta av fylkestinget i Vestland 1. oktober 2025 PS 94/2025 med heimel i kommunelova kap. 18.

§ 1 Føremål og mandat

Forsvarsforum Vestland er eit interkommunalt politisk råd (IPR) oppretta i medhald av kommunelova § 18. Forumet er ikkje eit eige rettssubjekt.

Forsvarsforum Vestland IPR skal vere eit forsvarspolitisk samarbeidsforum som skal arbeide for å ta vare på Vestland sine interesser knytt til sjøforsvaret og totalforsvaret sin aktivitet i Vestland. Forsvarsforum Vestland skal arbeide for å styrke beredskap og industri gjennom auka bruk av lokale leverandørar. Målet er ein sterk region kor nasjonale sikkerheitsinteresser, forsvaret og næringslivet nyttar kvarandre.

Dette skal skje gjennom:

1. Felles møte og påverknadsarbeid i viktige forsvarsrelaterte saker, slikt som felles uttalar og høyringssvar.
2. Støtte til samfunnsutvikling og utvikling av næringsliv relatert til Forsvaret sin aktivitet og behov.
3. Eit aktivt regionalt utviklingsarbeid relatert til forsvaret og totalforsvaret sin aktivitet i regionen.

§ 2 Samansetjing og leing

I tråd med kommunelova § 18-1 er representantskap det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd. Det følger av lova at alle deltakarar skal vere representert med minst eitt medlem i representantskapet.

I representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR skal kvart medlem ha eitt medlem med vara. Funksjonstida er på 4 år.

Representantskapet i Forsvarsforum Vestland IPR skal frå starten bestå av fylkesordførar i Vestland fylkeskommune, byrådsleiar i Bergen og ordførarane i Øygarden kommune, Bjørnafjorden kommune, Askøy kommune, Alver kommune, Stord kommune og Kinn kommune. Fylkesvaraordførar og varaordførar, evt. andre representantar peika ut frå formannskap/byråd, trer inn ved forfall.

Medlemskommunen sin administrasjon, til dømes fylkesdirektør og kommunedirektørar, kan stille i møte med talerett i tråd med kommunelova § 13-1 femte ledd.

Leiar av Forsvarsforum Vestland er fylkesordførar i Vestland fylkeskommune.

Eventuelle nye medlemmer som skal inn i Forsvarsforum Vestland IPR vert tekne opp i tråd med denne samarbeidsavtale sin § 6.

Forsvarsforum Vestland kan invitere andre deltakarar inn til enkeltmøte. Aktuelle deltakarar vil kunne vere:

- Relevante maritime næringsklynger representert ved Maritime Bergen
- Innovasjon Noreg
- Næringsalliansen Vestland representert ved Bergen Næringsråd
- Bergen kommune
- Sjøforsvaret/ FHS Sjøkrigsskolen
- NAV

Dersom Forsvarsforum Vestland IPR finn det naudsynt, kan representantskapet sjølv opprette andre organ til styring av rådet. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar og andre medlem til dette organet.

§ 3 Møtefrekvens og arbeid

Frekvens på møte i Forsvarsforum Vestland IPR vert bestemt ut frå behov for å kunne avklare problemstillingar knytt til å følgje opp vedtekne satsingar og/eller andre tidsaktuelle problemstillingar. Forumet bør møtast minimum 4 gonger årleg for å bli orientert om prosjektstatus i regionen, sikkerheitspolitiske oppdateringar og diskutere relevante problemstillingar.

Ein gong i året inviterer Forsvarsforum Vestland IPR til eit breiare møte med andre kommunar med forsvarsinteresser og andre relevante deltakarar. Til dette møtet vert også invitert opposisjonspolitkarar og forumet sine heimkommunar. Dette møtet vil normalt vere det siste møtet i den årlege møterekka.

§ 4 Kostnader/eigardel/ansvar

Av kommunelova § 18-2 følger det at det enkelte medlem har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av Forsvarsforum Vestland IPR sine forpliktingar. Til saman skal kvar sin del utgjere Forsvarsforum Vestland IPR sine samla forpliktingar.

Utgifter i samband med møtedeltaking vert dekkja av kvart medlem, medan utgifter til møtelokale, bevertning samt andre kostnader knytt til møtet vert dekkja av Vestland fylkeskommune. Dersom det vert iverksett prosjekt eller tiltak som spring ut av arbeidet i Forsvarsforum Vestland IPR, skal medlem og eventuelle samarbeidspartar einast om fordeling av kostnader.

Andre kostnader som kjem til gjennom året, til dømes til gjennomføring av konferansar, vert dekkja av forumet sine medlem etter forutgåande budsjettering og vedtak i forumet.

§ 5 Sekretariat

Vestland fylkeskommune sin administrasjon har sekretariatsansvaret for Forsvarsforum Vestland IPR. Sekretariatet skal syte for at avvikling av møte skjer i tråd med kommunelova sine reglar i kap. 11 så langt dei passar, til dømes kalle inn til møte, sette opp sakliste, føre protokoll mv.

§ 6 Endring av samarbeidsavtalen

Kommunelova § 18-4 andre ledd regulerer mynde til å gjere endringar i samarbeidsavtalen.

Følgjande endringar må gjerast av den enkelte fylkesting og kommunestyre som er medlem, sjå kommunelova § 18-4 fjerde ledd:

- «a) rådets navn
- b) om rådet er et eget rettssubjekt
- c) hvor mange medlemmer den enkelte deltakeren skal ha i representantskapet
- d) hvilke saker rådet skal kunne behandle
- e) hvilken myndighet som er lagt til rådet
- f) den enkelte deltakerens eierandel i rådet og ansvarsandel for rådets forpliktelser hvis ansvarsandelen avviker fra eierandelen
- g) hvordan deltakerne kan tre ut av rådet
- h) hvordan rådet skal oppløses, blant annet hvem som skal ha ansvaret for oppbevaringen av rådets arkiver etter at rådet er oppløst.»

Dette vil seie at innlemming av nye medlem i Forsvarsforum Vestland IPR krev behandling i fylkesting og alle kommunestyre som er medlemmer av forumet.

Mynde til å gjere andre endringar i samarbeidsavtalen som ikkje går fram av opplistinga over ligg til representantskapet, sjå kommunelova § 18-4 tredje ledd. Slike endringar må vedtakast med minst 2/3 av dei gjevne røystene.

§ 7 Utgang og oppløysing av rådet

Tre ut av Forsvarsforum Vestland IPR

Eit medlem trer ut av Forsvarsforum Vestland IPR ved å vise til vedtak frå kommunestyret. Medlem som trer ut av forumet fortsett å ha økonomisk ansvar for sin del av dei forplikingane rådet har på det tidspunkt medlemen trer ut, sjå kommunelova § 18-2 tredje ledd.

Oppløysing av Forsvarsforum Vestland IPR

Oppløysing av Forsvarsforum Vestland IPR krev vedtak om oppløysing frå alle medlem i Forsvarsforum Vestland IPR.

Dersom forumet oppløysast, vil medlemmene framleis hefte for forumet sine forplikingar.

Vestland fylkeskommune skal ha ansvar for oppbevaring av Forsvarsforum Vestland IPR sine arkiv etter at det er oppløyst.